



Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, telefon
Terje Natland, 5557 2168

Vår dato
01.10.2018
Deres dato

Vår referanse
2018/5018 421.53
Deres referanse

STRAUME HOGNE JARLE
STRAUME
5939 SLETTA

Tilsegn om tilskot - Radøy - Gnr 93 bnr 5 - Straume - bygging av landbruksveg - Hogne Straume

Viser til Dykkar søknad om tilskot til Skarås skogsveg klasse 3 motteke her 16.04.2018.

Vedtak

Fylkesmannen gjev med dette tilsegn om inntil kr 35.000,- til Skarås skogsveg. Løyvinga står ved lag i 3 år, fram til 1.10.2021.

Merknad

- Det vert søkt om tilskot til ombygging av 120 meter veg til vegklasse3, heilårs bilveg.
- Veglaget har oppgjeve ein kostnad for vegen på kr. 70.000.- dette gjev ein meterpris på kr 583.-. Dette er innanfor vanleg kostnad i fylket.
- Veganlegget er sett opp med 100 % skogdel.
- Fylkesmannen godkjenner ein vegkostnad på kr 70.000.- for dette anlegget som gjev grunnlag for eit tilskot på kr 35.000.- der 100% er skog
- Tilskotet vert gjeve med inntil 50 % av godkjente kostnader.
- Veganlegget er med dette ferdig løyvd.
- Veglagsformann er ansvarleg for at innhaldet i løyvingsskrivet blir gjort kjent for deltakarane i veglaget
- Det vert vist til: «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i landbruket, §5 Tilskudd til veibygging».
- Og til: «Retningslinjer for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane, hest o.a. i Hordaland» fastsett av fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga gjeldande frå 1. februar 2016.

Vilkår

- Veglagsformannen er ansvarleg for at vegen vert bygd etter dei krav som er sett til den vegklasse det er gjeve løyve og tilskot til.
- Veglagsformannen pliktar å sjå til at vegen vert vedlikehalden til den standard den opphavleg vart bygd i.

- Fylkesmannen viser til Skoglova og rundskriv til denne om skogeigar si plikt til å foryngje skog etter hogst.
- Finn andre at dei kan nytta vegen til skogsdrift, skal dei ha rett til det, anten ved å kjøpa seg inn i vegen, eller betala leige.
- Skogareal som vert hogd blir tilfredsstillande foryngja, slik at det vert drive eit utholdande skogbruk i området.
- Veglaget skal leggje fram byggjeplan godkjent av kommunen før tilskot vert gjeve.
- Det skal ligge føre anbud og normalkontrakt for bygging av landbruksveg som grunnlag for tilskot.
- Vegen skal godkjennast før grusing

Utbetaling

- Løyvinga står ved lag i 3 år, fram til 1/10-2021
- Veglagsformann er ansvarleg for at det vert ført rekneskap for vegarbeidet, sjå rekneskapsinstruks på skjema for rekneskapsamandrag.
- Deler av tilskotet kan betalast ut etter kvart som arbeidet med vegen skrid fram
- Siste 10% av løyvinga vert ikkje betalt ut før veganlegget er ferdig godkjent
- Sluttutbetaling vert gjort etter at vegen er endeleg godkjent, og rekneskapen er revidert på foreskreven vis.

Dette vedtaket kan klagast på, sjå forvaltningslova § 29. Eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet og skal sendast FMLA seinast 3-tre-veker etter at dette brevet er motteke.

Med helsing

Dirk Kohlmann
ass. landbruksdirektør

Terje Natland
fylkesskogmeister

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Radøy kommune Radøyvegen 1690 5936 Manger